



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato 02.10.2018
Møtetid: Kl. 09:00 - 09:20
Møtestad: Kommunehuset/Telefonmøte

Av 9 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer møtte:	Parti:
Olaug Karin Øystese	A
Knut Harald Frøland	BL
Lena Tveit	BL
Arild Røen	H
Aasgaard, Inge	KRF
Øyvind Røen	SP

Desse medlemene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Nils Aadland	A	Øyvind Strømmen	MDG
Odd Arne Haga	FRP		
Monica Tjønnå	SP		

Møtenotater:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Hilde-Lill Våge, assisterande rådmann
- Nils Jonny Skar, einingsleiar teknisk drift
- Jan Erik Boge, rådgjevar

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 11.10.2018

Knut Harald Frøland
ordførar

Jan Erik Boge
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
040/2018	18/1497	Faste saker	
041/2018	18/1479	Tilleggsløyving ras Liavegen	
042/2018	18/1479	Tilleggsløyving - utbetring av Totrævegen i samband med brøyting til vinterparken/skianlegget	

SAKNR. 040/2018: Faste saker

02.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Godkjenning av innkalling og sakliste:

Olaug Øystese (A) viste til at klokkeslettet for dette ekstramøtet (kl. 09.00) kan gjera at det er vanskeleg for nokre medlemmer å stilla, og at formannskapet kanskje bør drøfta når på dagen eventuelle ekstramøte primært bør haldast. Arild Røen (H) viste til at det er ei grei ordning at det er mogleg å vera med på møtet via telefon.

Det var ingen andre merknader til innkallinga eller saklista.

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Orienteringssaker:

Sal av prestebustaden på Haga

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at prestebustaden på Haga no er seld. Salssumen er 3,8 millionar kroner.

Utvalet sitt kvarter:

Arild Røen (H) spurde om status for arbeidet med nytt rekkverk på Liavegen, som kommunestyret har løyvd midlar til i 2018. Einingsleiar Nils Jonny Skar orienterte om at arbeidet startar no i oktober.

Samrøystes vedtak.

FORM- 040/2018 Vedtak:

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 041/2018: Tilleggsøyving ras Liavegen

02.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Under handsaminga svara einingsleiar Nils Jonny Skar på spørsmål frå medlemmene i formannskapet. Han orienterte mellom anna om at kommunen enno ikkje har motteke endeleg geolograpport etter raset 26.09.2018.

Formannskapet vedtok først samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak. Før handsaminga av

neste sak (sak 042/2018) spurde ordfører Knut Harald Frøland (Bl) om det i vedtaksteksten i sak 041/2018 burde takast inn at vedtaket er gjort etter hasteparagrafen i kommunelova (§ 13), på same måte som i rådmannen sitt framlegg til vedtak i sak 042/2018. Formannskapet slutta seg til at følgjande setning vert lagt inn i vedtaksteksten:

- "Vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i kommunelova § 13, jf. punkt 6.3 i delegeringsreglementet."

Samrøystes vedtak.

FORM- 041/2018 Vedtak:

Ledige budsjettmidlar avsett til prosjekt - *rekkverk på Liavegen* vert omfordelt til sikring av Liavegen og utgjer om lag 70.000 kroner. I tillegg vert stipulerte utgifter på yttelegare om lag 230.000 kroner i samband med raset den 12. og 26. september dekkja med unytta lånemidlar.

Vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i kommunelova § 13, jf. punkt 6.3 i delegeringsreglementet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ledige budsjettmidlar avsett til prosjekt - *rekkverk på Liavegen* vert omfordelt til sikring av Liavegen og utgjer om lag 70.000 kroner. I tillegg vert stipulerte utgifter på yttelegare om lag 230.000 kroner i samband med raset den 12. og 26. september dekkja med unytta lånemidlar.

SAKNR. 042/2018: Tilleggsløyving - utbetring av Totrævegen i samband med brøyting til vinterparken/skianlegget

02.10.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte assisterande rådmann Hilde-Lill Våge kort om saka.

Inge Aasgaard (Krf) spurde om det ligg føre ein avtale om bruk av den private vegparsellen i øvste del av Totrævegen. Hilde-Lill Våge orienterte om at kommunen sin kontaktperson i idrettslaget har meddelt at dei har ein avtale med grunneigarane. Arild Røen (H) stadfesta at idrettslaget inngjekk avtale med grunneigarane i samband med at vegen opp mot skianlegget i Totræna vart forlenga.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

(Presisering: I denne saka er omgrepet "ski-gruppa" brukt. I og med at det er fleire skigrupper i Samnanger Idrettslag, vert det presisert at i denne saka er det langrennsgruppa som er omtalt som «ski-gruppa». Det er Samnanger Idrettslag som er juridisk eining.)

FORM- 042/2018 Vedtak:

Ut frå samfunnsnyttan ski-anlegget har for innbyggjarane og andre brukarar løyver kommunen inntil kroner 660.000 eks moms til å utbetre vegen på privat parsell på Totrævegen. Ski-gruppa held fram med å ha vedlikehaldsansvaret for den private delen av Totrævegen. Samnanger kommune inngår brøyteavtale med SIL v/ski-gruppa.

Vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i kommunelova § 13, jf. punkt 6.3 i delegeringsreglementet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Ut frå samfunnsnyttan ski-anlegget har for innbyggjarane og andre brukarar løyver kommunen inntil kroner 660.000 eks moms til å utbetre vegen på privat parsell på Totrævegen. Ski-gruppa held fram med å ha vedlikehaldsansvaret for den private delen av Totrævegen. Samnanger kommune inngår brøyteavtale med SIL v/ski-gruppa.

Vedtaket vert gjort med heimel i hasteparagrafen i kommunelova § 13. jf punkt 6.3 i delegeringsreglementet.